


Lom kommune

Årsmelding 2008 frå Lom kommune



Gjestfritt og nyskapande

Innhaldet i årsmelding 2008:

Innleiing	3
Ordføraren sine kommentarar	6
Administrasjonssjefen si vurdering	7
Politisk organisering og saker	8
Personal og organisasjon	10
Økonomisk oversyn	12
Oversikt frå tenestoområda:	
- Støttefunksjonen	17
- Skule	20
- Barnehage	23
- Miljø, teknisk, næring	26
- Kultur, info, profilering	29
- Helse og velferd	30
- Institusjonsbasert omsorg	35
- Heimebasert omsorg	38
Notar til rekneskapen	41
Revisjonsmelding	56

Lom kommune

Midtgard

2686 Lom

Telefon: 6121 7300

Faks: 6121 7301

Epost: post@lom.kommune.no

<http://www.lom.kommune.no>

Årsmelding 2008

Lom kommune



1 Innleiing	3	Notar til rekneskapen	41
1.1 Nokre fakta om Lom	3	Note 1 Prinsipp for rekneskapen	41
1.2 Kommuneøkonomi og forventningsgap	3	Note 2 Interkommunalt samarbeid	41
1.3 Hendingar og utviklingstrekk i 2008	4	Note 3 Årsverk, likestilling, løn og godtgjersle	42
		Note 4 Pensjon	42
2 Leiarane om året 2008	6	Note 5 Konto for skattetrekk	44
2.1 Spanande 2008 i Lom	6	Note 6 Spesifikasjon av vesentlege postar	44
2.2 Administrasjonssjefen si vurdering	7	Note 7 Spesifikasjon av vesentlege transaksjonar	44
		Note 8 Spesifikasjon av vesentlege forpliktingar	45
3 Politisk organisering og saker	8	Note 9 Tilhøve etter 31.12.2008	45
3.1 Saker og utval	8	Note 10 Endring av prinsipp, feil frå tidlegare år	45
3.2 Budsjettutvalet	8	Note 11 Garantiar gjeve av kommunen	45
3.3 Saksutval for skule	8	Note 12 Sjølvkostutrekning for VAR-området	46
3.4 Saksutval for pleie og omsorg	9	Note 13 Kyrkjeleg råd - økonomiske tilhøve	47
		Note 14 Endring i arbeidskapitalen	47
		Note 15 Kapitalkonto (endringar i året)	49
4 Personal og organisasjon	10	Note 16 Fond, avsettingar og bruk	49
4.1 Tilsette	10	Note 17 Likviditetsreserve	51
4.2 Seniorpolitisk plan	10	Note 18 Meir- eller mindreforbruk	51
4.3 Sjukefråvær	10	Note 19 Langsiktig gjeld	51
4.4 Likestilling	11	Note 20 Tap og avsetjing til tap	52
4.5 Verneombod og tillitsvalde i fagorganisasjonane	11	Note 21 Anleggsmidlar (eigedom og utstyr)	53
		Note 22 Finansielle anleggsmidlar	53
5 Økonomisk oversyn	12	Note 23 Avviksforklaring	54
5.1 Økonomi	12		
5.2 Balansert målstyring	15	Revisjonsmelding	56
5.3 Det totale målekartet for Lom kommune	16		
6 Oversikt frå tenesteområda	17		
6.1 Oversikt frå Støttefunksjonen	17		
6.2 Oversikt frå Skule	20		
6.3 Oversikt frå Barnehage	23		
6.4 Oversikt frå Miljø, teknisk og næring	26		
6.5 Oversikt frå Kultur, informasjon og profilering	29		
6.6 Oversikt frå Helse og velferd	30		
6.7 Oversikt frå Institusjonsbasert omsorg	35		
6.8 Oversikt frå Heimebasert omsorg	38		

1 Innleiing

1.1 Nokre fakta om Lom

Midt i Ottadalen ligg fjellbygda Lom. Dei høgaste fjelltoppane i Noreg finn du her, og meir enn halvparten av Jotunheimen nasjonalpark ligg i Lom. Kommunesenteret Fossbergom er eit moderne bygdesenter der dei fleste har sitt arbeid i reiseliv, handel og tenesteyting. Kultur og miljø vert teke vare på, og ein set si ære i å kunne tilby tradisjonsrike produkt.

Fossbergom står fram som ein tettstad med særpreg, og politikarane i Lom har heile tida lagt stor vekt på byggeskikk og lokale tradisjonar. Lom Stavkyrkje frå ellevehundretalet er ei av dei vakraste stavkyrkjene i landet. Kyrkja hadde 850-

årsjubileum i 2008. Mange tusen turistar er innom i løpet av året, og samstundes er kyrkja i bruk som hovudkyrkje.

Jord- og skogbruk er største enkeltnæringa i Lom. Høve til hausting av utmarksressursar ved beiting og setring er avgjerande for dei jamnt over små gardane. Gardsturisme er eit nytt satsingsområde – nokre driv overnattingsverksemd – andre satsar på ny bruk av setrene.

Lom har eit areal på 1 945 km² - og til 2 406 innbyggjarar (31.12.2008) er det god plass! Meir enn 90% av arealet er høgfjell over 900 m.o.h., 1% er dyrka jord og 4% er produktiv skog.

1.2 Kommuneøkonomi og forventningsgap

Driftsresultatet for 2008 i Lom er tilfredsstillande sett i høve til at det for første gong er registrert at kommunane i Noreg samla har hatt eit negativt netto driftsresultat. Det er fleire årsaker til det, som til dømes eit dyrt lønsoppgjer, reduksjon i skatteinngang, utfordrande etterslep på vedlikehald og finanskrisa som slo til for fullt hausten 2008. Spesielt høgt rentenivå på slutten av året gav oss meirinntekter på kapitalen, og i tillegg var vi ein av dei få kommunane i Noreg som fekk positiv avkastning i aksjemarknaden. Det må og nemnast at vi i 2008 bokførte det største beløpet totalt sett innan kraftrelaterte inntekter. Utvikling i rentenivå og kraftprisar

er definitivt faktorar som vil påverke handlefridomen i åra som kjem. Ei negativ utvikling i brutto driftsresultat dei siste åra, samstundes med at netto driftsresultat og utviklar seg i negativ retning, underbyggjer dette.

Frå sentralt hald blir det presentert som at kommunane har fått tilført auka ressursar og er i betre stand til å gjennomføre oppgåvene. Det er berre det at desse ressursane ikkje kompensere auka utfordringar og lovpålagte oppgåver. Det er nok å vise til samla driftsresultat for kommunane i 2008.

1.2.1 Nokre sentrale tal frå driftsrekneskapen


	2008		2007
	Rekneskap	Justert budsjett	Rekneskap
Sum driftsinntekter	161 835 561	148 764 009	156 525 447
Sum driftsutgifter	168 850 309	165 466 668	153 859 545
Brutto driftsresultat	-7 014 749	-16 702 659	2 665 902
Resultat eksterne finanstransaksjonar	4 098 170	915 000	1 905 534
Motpost avskrivningar	8 011 922	7 468 000	7 468 222
Netto driftsresultat	5 095 343	-8 319 659	12 039 658

Utvikling av brutto driftsresultat frå 2004 til 2008:


(Resultat av finanstransaksjonar kjem i tillegg, tal i tusen kroner)

	2004	2005	2006	2007	2008
Sum driftsinntekter	129 535	133 672	150 050	156 525	161 836
Sum driftsutgifter	129 537	135 691	150 779	153 860	168 850
Brutto driftsresultat	-2	-2 019	-729	2 666	-7 015


Fordeling av arealet i Lom



Utvikling i folketallet



Utvikling i eigenkapitalprosent



1.3 Hendingar og utviklingstrekk i 2008

1.3.1 Fylkesmannen sin fornyingspris til Lom kommune

- Det var kjempeartig, seier ordførar Simen Bjørgen, i ein kommentar til prisutdelinga. Vi har fått den aller første Fornyingsprisen som Fylkesmannen i Oppland har delt ut. Dyktige medarbeidarar har vore med og markert Lom på ein god måte, og det er ein viktig grunn til at vi, av alle kommunane i Oppland, får denne prisen, seier Bjørgen.

- Vi har og framsynte folkevalde som har lagt til rette for organiseringa av kommunen, og etablering av målstyring har synleggjort Lom på ein så spennande måte at vi får Fornyingsprisen frå Fylkesmannen, avsluttar ein stolt ordførar.

Det synlege teiknet på at Lom kommune har fått Fornyingsprisen



1.3.2 Fossbergom peika ut som nasjonalparklandsby

På ein konferanse i Stjørdal i februar 2008 vart 23 kommunar peika ut som nasjonalparkkommunar og 5 tettstader peika ut som nasjonalparklandsbyar. Lom kommune og tettstaden Fossbergom er med på den eksklusive lista. På nettstaden vår kunne vi lese dette om utnemninga:

I dag vart Lom peika ut som nasjonalparkkommune og Fossbergom som nasjonalparklandsby.

- Eg er glad og letta, seier ordførar Simen Bjørgen i ein kommentar. Dette er ei attendemelding frå Regjeringa på at utviklinga i Lom er lagt merke til.

- Dette er eit viktig og spennande prosjekt for å styrke verdiskapinga i kommunar og lokalsamfunn med utgangspunkt verdien til nasjonalparkane som kvalitetsstempel, seier miljø- og utviklingsminister Erik Solheim.

Opning av nasjonalparklandsbyen

Langt borti to hundre menneske var samla utanfor fjellmuseet då Lom Nasjonalparklandsby vart offisielt opna laurdag 24. mai, på den europeiske nasjonalparkdagen.

Saman om opninga:

Fylkesmann Kristin Hille Valla, direktør Janne Sollie i Direktoratet for naturforvaltning, ordførar Simen Bjørgen og kokk Arne Brimi.

Fylkesmann Kristin Hille Valla, direktør i Direktoratet for naturforvaltning Janne Sollie og matmeister Arne Brimi stod for opninga, godt leia av 'landsbyhøvdingen' Simen Bjørgen. Og musikalsk og dramatisk ramme stod ingen ringare enn Hildegunn Hovde og Endre Skjåk for.

Lom er pådrivaren

Veret var kaldt til sist i mai å vera, men mange hadde likevel møtt fram til den spesielle hendinga.

- Lom er fyrst ute og ein pådrivar i rolla som nasjonalparklandsby. Ingen har fasiten på kva ein nasjonalparklandsby er eller skal



vera, innleia Simen Bjørgen. Saman må vi leggje kursen framover, kvar einskild lomver saman med dei andre, friviljuge lag, private og offentlege organisasjonar og styresmaktene med Lom kommune i fremste rekkje.

Byggje på eigne kvalitetar

Fylkesmann Valla heldt fram at denne utnemninga måtte føre til auka innsats og tilsig av ressursar her i Lom.

- Vi må halde fram og byggje på dei kvalitetane vi veit vi har og ikkje gape for høgt. I tillegg er forteljarkunsten viktig, meinte Valla.



1.3.3 Kronprinsen til stades på jubileumshelga 2008 feira vi 850 år med Lomskyrkja. Jubileumshelga 12. - 14. september kom Kronprins Haakon bunadskledd til messa.

Her medverka mange, frå barnehageborn med blomar, born frå trusopplæringsprosjektet, 6.klasseelevar frå Loar og Ingvild Lunde, til prestar, prost, pater og biskopar. Frå galleriet sette Lom veterankorps, prosjektkoret og organist Anne Mundal ekstra feststemning til det heile.

Eit strålende vêr var med å gjera det heile til ei minnerik og verdig hovudfeiring av Lomskyrkja sine 850 år.



Mange spente born i Lom fekk høve til å helse på Kronprins Haakon, her saman med ordførar Simen Bjørgen og leiar i Lom kyrkjelege råd, Nils Teigen. (Foto: Brynjulv Aartun)

Anne-Mette Kolden, leiar i jubileumsnemnda, oppsummerer året

- Eg sit att med følelsen av at det var ein litt treg start, seier leiar for jubileumsnemnda, Anne-Mette Kolden.

- Det tok litt tid før folk kom i gang, og det var færre folk enn venta på dei første arrangementa.

Stigande etusiasme

- Men for ei stigning i entusiasmen og oppslutninga det har vore. Folk har stilt opp, og det er tydeleg at mange har gleda

seg stort over fleire flotte arrangement utover året.

Høgdepunktet

- Kronprinsen, det Waageske Compagnie og godvêret, alt dette saman med den finaste gudstenesta eg har opplevd i Lomskyrkja, gjorde jubileumshelga til eit høgdepunkt i feiringa av kyrkja vår, avsluttar Anne-Mette Kolden.

1.3.4 Vinterfestivalen Bøverbrus

Vinterfestivalen Bøverbrus skal skape aktivitet og inspirere til utvikling i ei elles roleg tid i Bøverdalen. Ein ny friviljug organisasjon er medarrangør.

Av familieaktivitetane utandørs var det Raubergstulsrennet, eit akerenn med kostymer, som var den desidert mest populære aktiviteten. I den kalde vinden var det mange som var glade for at Raubergstulen og Storhaugen hadde ope før og etter rennet.



Glede og topp innsats under Raubergstulrennet

Til glede for publikum langs løypa og i målområdet var det mange som hadde lagt større vekt på fine kostymer enn å kle seg lag-på-lag for vinterveret, og da var det godt å kome inn i varmen til mat og premieutdeling.

Per Olaf Lundteigen innleidde idedugnaden i samband med vinterfestivalen Bøverbrus på Storhaugen i Bøverdalen med å peike på kor viktig det er å vera stolt av det ein kan, det ein står for og den plassen ein kjem ifrå.

- "Mangesysleri" er viktig for å halde oppe eit lokalsamfunn, sa Lundteigen.

Med omgrepet "mangesysleri" meinte Lundteigen at ein kan ha inntektsgivande arbeid frå fleire kjelder for å ha ein heilårs arbeidsplass. Han peika så på nokre viktige punkt som han og kollegene på Stortinget har eit særskilt ansvar for som er til stor nytte i lokalsamfunnsutvikling:



Eigeninnsats og eigen identitet er avgjerande for utvikling, sa Per Olaf Lundteigen under seminaret i Bøverdalen

Kommunikasjonen må fungere, dvs. også telekommunikasjon, og særleg viktig er breiband/fibertilknytning til alle heimmar.

-Å bygge på eigenart, fortrinn, røter og ha vyar og sjølvtilit - for deretter å vere villig til å ta i eit tak, må til for å lykkast, sa Lundteigen.

Festivalen er bygd opp rundt friviljug engasjement. Arrangørar er Lom kommune og Bøverdalen Bygdeutvikling, ein ny friviljug organisasjon som er starta for å gjennomføre og drive festivalen.

Sponsorar, publikum og friviljuge er med og bidrar til utvikling i Bøverdalen gjennom sitt engasjement i festivalen. Alt overskot frå Bøverbrus går til vidareføring av festivalen og/eller andre tiltak som Bøverdalen Bygdeutvikling vil setje i gang for å skape liv i Bøverdalen vinterstid.

2 Leiarane om året 2008

2.1 Spanande 2008 i Lom

2008 har vore eit spanande og krevjande år. Det er alltid nyttig å sjå seg attende, og tenkje over korleis ting har vorte til. Det ligg mykje læring i dette.



Ordførar Simen Bjørgen

I stort og smått har 2008 vore eit år med mange hendingar. For mange står kanskje HKH Kronprinsen sitt besøk i september under stavkyrkjebileet som ein mektig oppleving. Det var også det. Men ei hending som aldri kunne vorte ein realitet utan alt arbeid som skjedde i regi av den lokale jubileumsnemda. Dei fortener alle takk også ved dette høvet.

Fornyingsprisen

Lom kommune fekk i september Opplands fyrste fornyingspris. Denne vart utdelt av Fylkesmannen i Oppland. Grunngevinga for dette var at kommunen hadde vore aktiv i utviklings- og fornyingsarbeidet, for å måle og nå resultat og for å vera ein aktiv pådrivar og inspirator. Utan dyktige medarbeidarar i alle ledd av vår verksemd har ikkje dette vore mogleg. Vi kan alle vere stolte over denne prisen.

Nasjonalparklandsby

I februar vart Lom utpeikt som ein av Noregs fyrste nasjonalparklandsbyar. Dette er ei tydeleg attendemelding frå Regjeringa på at utviklingsarbeidet i Lom vert lagt merke til. Samarbeidspartar både lokalt, regionalt og nasjonalt har medverka i dette arbeidet. Dette er eit kvalitetsstempel, og opninga vart også markert på ein høgtideleg måte under den offisielle nasjonalparkdagen 24 mai.

Distriktsmedisinsk senter

Etter fleire års ventetid er no arbeidet med å bygge Nord-Gudbrandsdal distriktsmedisinske senter på Otta sett i gang. Her vert det investert i livskvalitet for innbyggerane i regionen. For mange vil det bli ei stor lette den dagen anlegget står ferdig, og ein får høve til å oppsøke spesialistar på Otta, i staden for på Lillehammer og Gjøvik. Dette vil bli ei viktig del av det framtidige helsetilbodet i Nord-Gudbrandsdalen.

Heider og merksemd

2008 vart eit nytt år med heider og merksemd til Lom frå fleire kantar. Resultat som er godt underbygd og dokumentert. Resultat det er all grunn til å vere stolte av, og takke dyktige medarbeidarar for. Og eg vonar samstundes dette kan bidra til at vi alle tenkjer over korleis vi bidreg til fellesskapen, i eit kravorientert samfunn.

Omstilling og utvikling

Året som vi no har gått inn i, vil bli prega av vidare omstillings- og utviklingsarbeid. Den økonomiske situasjonen ser, som ein følge av den internasjonale situasjonen, ut til å bli vanskelegare. Det vil bety kutt i drifta i 2009. Det er ingen situasjon nokon av oss er glade for eller tilfredse med. Men det er ein realitet som krev politisk handling.

Takk for god innsats

Eg vil i år nytte denne plassen til å takke alle politikarar i Lom som gjer eit viktig arbeid for kommunen. Slik vårt demokratiske styresett er innretta, trengs politikarar som evner å utvise leiarskap. Og som etter mitt syn fortener ein stor takk for sin innsats, ofte på frivillig basis, som strekker seg langt utover det vi har almenn rett til å krevja.

Eg vil takke alle medarbeidarar, folkevalde og andre samarbeidspartar for eit svært godt samarbeid i 2008, og ser med dette fram til nye utfordringar i 2009.

Simen Bjørgen
ordførar



2.2 Administrasjonssjefen si vurdering

Lom beste Opplandskommune å bu i !

Lom er den beste Opplandskommunen å bu i, slår Dagens Næringsliv fast. Dei har i samarbeid med Statistisk sentralbyrå gjennomført ei kartlegging av alle kommunane i landet. Kommunekåringa byggjer på 29 viktige enkeltindikatorar, fordelte på dei tre hovudkategoriane: Levestandard, sosiale forhold og tenestetilbod.

I kåringa kom Lom spesielt godt ut. Vi skal likevel vera audmjuke i høve til oppdraget vårt, der forutseiande og kvalitativt gode tenester innan lovpålagde oppgåver er grunnleggjande. Det kjem og med jamne mellomrom fram at vi

har forbettringspotensiale og utviklingsansvar innan fleire av desse områda.

Den mest grunnleggjande føresetnaden for utviklingsarbeid er at, ein i tillegg til å vera audmjuk, tek inn over seg både gode og mindre gode attendemeldingar. I Lom har vi sett fokus på dette, og arbeider systematisk med endringsarbeid. Dette utgangspunktet har folkevalde og tilsette i kommunen med seg i sitt daglege arbeid. Grunnlaget for dette er styringsinformasjonssystemet i kommunen som har vorte utvikla over fleire år, som vi nå kan hauste fruktene frå.



Administrasjonssjef Ola Helstad

Omdømme

Omdømme er eitt av tre satsingsområde som kommunestyret har prioritert. Det at kommunen kan vise til gode resultat på viktige område, er grunnleggjande for utvikling av godt omdømme. I 2008 har vi fleire døme på at vi har gjort eit godt arbeid og at dette har skapt positiv merksemd. Døme på det er:

- Fornyingsprisen 2008
- Deltakar i regjeringa si satsing på omdømmeskulen
- Representantar frå kommunen har vore nytta som innleiarar i fleire konferansar med dette som tema

Kommuneøkonomi og forventningsgap

Driftsresultatet for 2008 i Lom er tilfredsstillande sett i høve til at det for første gong er registrert at kommunane i Noreg har hatt eit negativt netto driftsresultat. Det er fleire årsaker til det, som til dømes eit dyrt lønsoppgjær, reduksjon i skatteinnngang, utfordrande etterslep på vedlikehald og finanskrisa som slo til for fullt hausten 2008. Finanskrisa har paradoksalt nok slått positivt ut for oss. Spesielt høgt rentenivå på slutten av året gav oss meirinntekter på kapitalen vår. I tillegg var vi ei av dei få kommunane i Noreg som fekk positiv avkastning i aksjemarknaden. Det må og nemnast at vi i 2008 bokførte det største beløpet totalt sett innan kraftrelaterte inntekter.

Utfordringar framover

Det er mange store og utfordrande oppgåver som ligg framfor oss i løypa. Eg vil peike på ei sentral utfordring som kommunane i Noreg må ta eit aktivt standpunkt til. Det gjeld kommunestruktur og/eller forpliktande samarbeid. Lom har mykje samarbeid, både med enkeltkommunar og fleire kommunar i regionen, og det er grunn til å stille spørsmål om det er mogleg å ”hente ut ytterlegare gevinstar”. Dersom dette punktet ikkje er nådd, så er vi svært nær.

Tenestekvalitet og dekningsgrader, som i svært mange område er avhengig av tilstrekkeleg og kompetent personell, må vurderast opp i mot den demokratiske bestillings-,

- Kommunen har orientert fleire kommunar om vårt arbeid
- Kommunekompasset viser god resultatutvikling

I dette arbeidet er det avgjerande at våre medarbeidarar og set fokus på grunnleggjande omdømmearbeid. Mellom anna er dette kartlagt i vår årlege medarbeidarundersøking. Administrasjonssjefen er svært glad for at denne viser positiv utvikling.


Utvikling i rentenivå og kraftprisar er definitivt faktorar som vil påverke handlefridomen i åra som kjem. Ei negativ utvikling i brutto driftsresultat dei siste åra, samstundes med at netto driftsresultat og utviklar seg i negativ retning, underbyggjer dette.

Frå sentralt hald blir det presentert som at kommunane har fått tilført auka ressursar og er i betre stand til å gjennomføre oppgåvene. Det er berre det at desse ressursane ikkje kompensere auka utfordringar og lovpålagte oppgåver. Det er nok å vise til samla driftsresultat for kommunane i 2008.

rapporterings- og styringsutfordringa, og kvardagen med å få endane til å møtast. For å møte framtida må vi legge grunnlaget ved å stå fram som attraktiv arbeidsgeivar med robuste og kvalitativt gode kompetansemiljø som gjer at arbeidstakarar og innbyggjarar satsar framtida si i bygdene våre.

Til slutt vil eg nytte høvet til å takke gode medarbeidarar og folkevalde for godt arbeid i 2008!

Ola Helstad
administrasjonssjef



Politisk organisering
i Lom kommune

3 Politisk organisering og saker

3.1 Saker og utval

Utval	2007		2008	
	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	74	10	69
Formannskapet	20	137	21	173
Administrasjonsutvalet	5	9	5	6
Tilsettingsutvalet	11	60	8	46

3.2 Budsjettutvalet

Mai Bakken
Anne-Lise Marstein
Torbjørg Graffer Myrhaug
Odd Arne Kroken
Håkon Kolden (leiar)

Budsjettutvalet får ansvar for å leggja fram forslag til budsjett og økonomiplan for 2009 – 2012 til formannskapet. Utvalet hadde 7 møte.

3.3 Saksutval for skule

I juni 2008 sette kommunestyret ned eit saksutval for skule som fekk følgjande mandat: Vurdere og kome med framlegg til:

- kva som er eit godt læringsmiljø med utgangspunkt i målsetting i kommuneplanen Lom 2020. I dette framlegget skal vurdering av endring av skulestruktur og samarbeidstiltak med andre kommunar vera med
- tiltak for å tilpasse den driftsøkonomiske situasjonen i kommunen med målsetting å etablere eit nivå som svarar til gjennomsnitt i Oppland fylke
- tiltak for rekruttering til og utvikling av kompetanse for å møte framtidige utfordringar i skulen
- tiltak for å sikre og utvikle brukardialog med elevar og føresette

Saksutvalet fekk frist til 31.12.08.

Utvalet fekk 5 medlemmar og hadde 5 møte. Utvalet var på skulebesøk på alle skulane og hadde møte med rektorane. Skjåk kommune vart og kontakta for å kome i dialog. I slutten av september la eit samla utval fram innstillinga som er referert her:

1. Odda skule blir lagt ned frå 01.08.2009
2. Administrasjonssjefen blir beden om å leggje fram sak til politisk handsaming hausten 2009 om overføring av 5.-7.årssteg ved Garmo skule til Loar skule frå hausten 2010 og opprette eit oppvekstsenter i Garmo frå same tid.
3. Kontorhjelpressursen ved kvar av skulane, Loar skule og Lom ungdomsskule, skal aukast med 20% av heil stilling frå 01.08.2009. Kostnadene – kr 70.000 for 2009- blir budsjetttutvalet bede om å ta inn i forslag til budsjett 2009.
4. Administrasjonsressursen ved Lom ungdomsskule skal aukast med 10 % av heil stilling slik at administrasjonstida til rektor frå 01.08.2009, blir heil stilling. Kostnadene – kr 25.000 for 2009 – blir budsjetttutvalet bede om å ta inn i forslag til budsjett 2009.
5. Administrasjonssjefen blir pålagt å ha rutiner ved rekruttering av undervisningspersonale som gjer at ein tek omsyn til at Ottadalen er ein arbeidsmarknad.

Innstillinga frå utvalet vart handsama på nyåret 2009.

3.4 Saksutval for pleie og omsorg

Saksutval for pleie- og omsorg har følgende medlemmar: Anne-Lise Marstein (Ap), Per Bådshaug (Bl.), Beate Stø (Sp), Kristin Øyjordet (Sp) og Ottar Dalen (Sp) er medlemmar i utvalet. Det er Beate Stø som leier saksutvalet, medan Anne Lise Marstein er nestleiar.

Utvalet har som mandat å utarbeide forslag til ein pleie- og omsorgsplan, som skal ta utgangspunkt i Stortingsmelding 25 – Omsorgsplan 2015 – ”Mestring, muligheter og mening”, statlege føringar, samt kommuneplan Lom 2020.

I mandatet ligg følgende punkt:

- Kvalitet og omfang på pleie- og omsorgstenestene i Lom kommune, nivå på tenestene, LEON-prinsippet, omsorgstrappa
- Serviceerklæringar

- Brukarråd
- Dagtilbod til demente
- Avlastningstilbod
- Funksjonshemma over 18 år med behov for bustad
- Omsorgsbustader med heildøgns bemanning
- Rehabilitering
- Lindrande behandling
- Framtidig kompetansebehov og rekruttering av fagutdanna personell
- Interkommunalt samarbeid

Med dette vil ei rekke problemstillingar rundt framtidig tenesteyting innan pleie- og omsorg bli sett på kartet. Omsorgsplanen skal skissere tenestetilboda dei næraste åra. Utvalet har hatt 10 møte, i tillegg til eitt felles møte med Skjåk. Utvalet fortset arbeidet sitt i påvente av den varsla Samhandlingsreforma.



Dei tilsette på opninga av det nye servicetorget i Lom kommune 5. desember 2008. I første rekke frå venstre: Invar Kolden og Svein Rune Laingen. Bak frå venstre: Oddny Skjerpingstad og Ellen Sanden.

Formannskapet etter valet i 2007



*Simen Bjørgen (Sp)
Ordforar*



*Håkon Kolden (Sp)
Varaordforar*




Johanne Hellebergshaugen (Sp)



Anne-Lise Marstein (Ap)



Mai Bakken (Bygdalista)



Den administrative organiseringa. *) Merk:

- Det er for tida ingen tilsette i tenesteområde Kultur, informasjon og profilering.
- Jarmund Øyen var leiar for tenesteområde Miljø, teknisk og næring fram til han gjekk av med pensjon ved utgangen av mars. Etter det er leiaroppgåvene delte mellom administrasjonssjef Ola Helstad og teknisk sjef Terje Hoel.
- Aud Kvamme var leiar for tenesteområde Institusjonsbasert omsorg fram til 31. juli. Frå 1. august vart det felles leiing med tenesteområde Heimebasert omsorg med Reidun Øvre Øygard som leiar.

4 Personal og organisasjon

Administrasjonen i Lom kommune er delt inn i åtte tenesteområde med ein tenesteleiar for kvart område. Øvste administrative leiar er administrasjonssjef Ola Helstad.

4.1 Tilsette

27 personar fekk fast tilsetting eller overgang til andre jobbar i 2008.

3 tilsette fekk klokke for 25 års teneste for Lom kommune.

13 personar avslutta arbeidsforholdet i kommunen.

Statistikk tilsette pr. 12.12.2008

	2007	2008
Talet på fast tilsette	263	289

4.2 Seniorpolitisk plan

Arbeidsmiljø og trivsel for dei tilsette står i fokus, alle, utan omsyn til alder, er like viktige. For å legge til rette for dette vart det frå juni 2007 vedteke ein seniorpolitisk plan.

Aldersgruppa frå 62 til og med 64 år får høve til å velje "seniorløn" eller å ta ut fridagar etter nærare avtale. Målet er at denne gruppa skal føle at dei vert verdsette og at det vert lagt til rette for at dei skal stå lenger i arbeid.

Statistikk alder på tilsette

	2007	2008
Gjennomsnittleg alder	46,1	45,7

4.3 Sjukefråvær

Avtalen om inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) held fram, og vi har eit omfattande samarbeid med NAV.

reduert. Arbeidsgjevar har lite kontroll over langtidsfråværet. Vi har kontakt med alle dei sjukmeldte, og jobbar aktivt for å legge til rette slik at dei kan kome attende i same jobb, eller eventuelt til anna arbeid i kommunen.

Det er mindre sjukefråvær i 2008 enn i 2007. Både kortidsfråværet og langtidsfråværet er

Statistikk sjukefråvær

Lengde på fråvær	2006	2007	2008
1 - 16 dagar	2,7%	2,7%	2,3%
17 - 40 dagar	1,5%	1,7%	1,1%
41 dagar +	1,8%	2,8%	3,1%
Totalt	6,0%	7,2%	6,5%

4.4 Likestilling

Det er mange yrkesgrupper, og alle er like viktige for at Lom kommune skal vere den serviceverksemda vi gjerne vil vere.

Oversikten syner at gruppa med ufaglærte er stor. Det vert heile tida jobba for at desse skal få den fagopplæringa som trengst for at dei skal kunne gje ei god teneste.

Alt i 1999 gjorde Lom kommune vedtak om at alle som tok fagutdanning, skal få stilling og løn som fagarbeidar. Dette er med på å stimulere til kompetanseheving. Eit aktivt samarbeid med OPUS på Otta gjer at fleire av dei tilsette er under utdanning.


Vi arbeider aktivt for å redusere bruken av deltidsstillingar og for å auke stillingsprosenten for tilsette i deltid.

4.5 Verneombod og tillitsvalde i fagorganisasjonane

Tillitsvalde og verneombod er viktige ressursar for Lom kommune. Vi har lagt opp til ein fast møteplan med dei tillitsvalde.

Fagforbundet, Utdanningsforbundet, Delta og Sjukepleiarforbundet er dei største fagforeiningane.

Utvikling i brutto driftsresultat 2004-2008



5 Økonomisk oversyn

5.1 Økonomi


5.1.1 Driftsrekneskapen

	2008		2007
	Notar	Rekneskap Justert budsjett	Rekneskap
Driftsinntekter:			
Brukarbetaling		6 749 530	6 198 746
Andre sals- og leigeinntekter		27 359 891	29 497 620
Overføringer med krav til motyting		31 780 377	28 458 285
Rametilskot		48 639 941	44 865 373
Andre statlege overføringer		1 890 893	0
Andre overføringer		3 169 766	2 133 100
Skatt på inntekt og formue		34 223 732	37 193 000
Eigedomsskatt		2 188 938	2 768 000
Andre direkte og indirekte skattar		5 832 494	3 500 000
Sum driftsinntekter		161 835 561	148 764 009
Driftsutgifter:			
Lønsutgifter	3	93 493 410	90 861 500
Sosiale utgifter	4	19 501 538	20 219 248
Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjonen		26 219 801	24 627 910
Kjøp av varer og tenester som erstattar tenesteproduksjonen		10 586 151	10 345 450
Overføringer	13	11 037 487	11 944 560
Avskrivningar		8 011 922	7 468 000
Fordelte utgifter		0	0
Sum driftsutgifter		168 850 309	165 466 668
Brutto driftsresultat		-7 014 749	2 665 902
Finansinntekter:			
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak		17 276 049	14 910 000
Mottekne avdrag på utlån		1 110 172	120 000
Sum eksterne finansinntekter		18 386 221	15 030 000
Finansutgifter:			
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter		7 366 343	7 085 000
Avdragsutgifter		6 837 219	6 920 000
Utlån		84 489	110 000
Sum eksterne finansutgifter		14 288 051	14 115 000
Resultat eksterne finanstransaksjonar		4 098 170	915 000
Motpost avskrivningar		8 011 922	7 468 222
Netto driftsresultat		5 095 343	-8 319 659
Interne finanstransaksjonar			
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk		7 896 786	7 896 786
Bruk av disposisjonsfond		6 387 936	7 619 581
Bruk av bundne fond		5 327 776	6 372 500
Bruk av likviditetsreserve		0	0
Sum bruk av avsetningar		19 612 498	21 888 867
Overført til investeringsrekneskapen		3 909 114	1 888 422
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk		0	0
Avsetningar til disposisjonsfond		8 463 082	6 946 786
Avsetningar til bundne fond		7 135 792	4 734 000
Avsetningar til likviditetsreserven		0	0
Sum avsetningar		19 507 988	13 569 208
Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk	18	5 199 853	0
			7 896 786

Utvikling av driftsresultat frå 2004 til 2008:

	2004	2005	2006	2007	2008
Sum driftsinntekter	129 535	133 672	150 050	156 525	161 836
Sum driftsutgifter	129 537	135 691	150 779	153 860	168 850
Brutto driftsresultat	-2	-2 019	-729	2 666	-7 015
Reultat eksterne finanstransaksjonar	3 923	3 347	5 195	1 906	4 098
Motpost avskrivningar	4 279	4 809	6 865	7 468	8 012
Netto driftsresultat	8 199	6 139	11 331	12 040	5 095

Utvikling i netto driftsresultat 2004-2008



5.1.2 Balanserekneskapen

	Notar	2008	2007
Eigendelar:			
Anleggsmidler		450 590 937	416 815 595
Av dette:			
Faste eigedommar og anlegg	21	241 442 894	237 752 942
Utstyr, maskinar og transportmiddel	21	3 691 114	4 338 844
Utlån		42 773 976	41 547 026
Aksjar og andeler	22	7 422 501	6 089 106
Pensjonsmidlar		155 260 451	127 087 677
Omløpsmidlar	14	91 706 566	97 957 582
Av dette:			
Kortsiktige fordringar	20	17 656 769	20 647 490
Premiavvik		3 573 551	1 444 855
Aksjar og andeler		0	0
Sertifikat		0	0
Obligasjonar		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskot	5	70 476 246	75 865 237
Sum eigendelar		542 297 502	514 773 178
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital		204 944 502	198 802 172
Av dette:			
Disposisjonsfond	16	20 860 867	15 631 314
Bundne driftsfond	16	20 891 587	19 083 571
Ubundne investeringsfond	16	10 148 812	10 387 485
Bundne investeringsfond	16	4 278 685	4 384 197
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Drift		-2 910 801	0
Endring i rekneskapsprinsipp som påverkar AK Invest		-369 896	0
Rekneskapsmessig mindreforbruk	18	5 199 853	7 896 786
Rekneskapsmessig meirforbruk	18	0	0
Udisponert i investeringsrekneskap		0	0
Udekka i investeringsrekneskap		0	0
Likviditetsreserve	17	0	3 819 747
Kapitalkonto	15	146 845 395	137 599 073
Langsiktig gjeld	19	310 374 519	289 603 176
Av dette:			
Pensjonsforpliktingar	4	187 026 201	161 324 385
Ihendehavarobligasjonslån		0	0
Sertifikatlån		0	0
Andre lån		123 348 318	128 278 791
Kortsiktig gjeld	14	26 978 482	26 367 829
Av dette:			
Kassakredittlån		0	0
Anna kortsiktig gjeld		26 978 482	26 367 829
Premieavvik		0	0
Sum eigenkapital og gjeld		542 297 502	514 773 178

5.1.3 Investeringsrekneskapen	Fast eiendom:	Utstyr:
Edb-utstyr Regiondata		143 276,00
Edb-utstyr skule		120 002,67
Loar barnehage	6 057 755,04	
Utbygging Fossbergom	39 688,82	
Kommunale vegar Fossbergom	275 636,43	
Hamrom vannverk	97 452,55	
Fossbergom renseanlegg	2 006 954,80	
Omsorg og trygdebustader	935 744,00	
Omsorg og trygdebustader	337 111,52	
Sentrumstiltak	52 430,00	
Miljøstasjon	1 308 449,40	
Heimesjukepleie-garasje	80 606,75	
Delsummar	11 191 829,31	263 278,67
Totalsum	11 455 107,98	

Fordelt aktivering av brannsikring omsorgsbustader:

Trygdebustader	60 000,00
	120 000,00
	60 000,00
Tenarbustad	60 000,00
Omsorgsbustad 1	168 000,00
Omsorgsbustad 2	167 744,00
Pu-bustad	120 000,00
Kroken	120 000,00
Kvandalsvoll	60 000,00
Sum	935 744,00

5.1.4 Finansieringsanalyse

	2008		Rekneskap 2007
	Rekneskap	Justert budsjett	
Anskaffing av midlar			
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	161 835 561	148 764 009	156 525 447
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	716 376	0	4 561 970
Innbetalingar ved eksterne finanstransaksjonar	26 723 621	15 880 000	32 098 592
Sum anskaffing av midlar	189 275 558	164 644 009	193 186 010
Bruk av midlar			
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	160 838 387	158 000 668	146 391 323
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	11 455 108	6 991 922	20 705 307
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjonar	20 547 056	14 807 000	16 819 304
Sum bruk av midlar	192 840 551	179 799 590	183 915 934
Anskaffing - bruk av midlar	-3 564 993	-15 155 581	9 270 075
Endring i ubrukte lånemidlar	-3 757 676	0	7 461 958
Endring i rekneskapsprinsipp som verkar på arbeidskapital - drift	-2 910 801	0	0
Endring i rekneskapsprinsipp som verkar på arbeidskapital - investeringar	-369 896	0	0
Ending i arbeidskapital	-10 603 367	-15 155 581	16 732 033

5.1.5 Inntekter - Avviksmelding

Under posten "Overføringar med krav til motyting" er det eit avvik på kr 8,8 mill. Av dette er kr 3,5 mill i meirinntekt frå refusjon av sjukepengar og fødselspengar. Meirinntekter frå meirverdigavgiftskompensasjon er på kr 1,5 mill. Det er i tillegg inntektsført kr 0,7 mill

som krav mot forsikringsselskap for utgiftsført (med same beløp) kostnader i samband med branntilløpet på Loar barnehage. Elles består avviket av fleire mindre postar.

Det er elles postar ein må sjå i samanheng.

5.1.6 Driftsutgifter - Avviksmelding

Avviket på lønsutgifter må ein sjå i saman med meirinntekter på refusjon av sjuke- og fødselspengar. Meirinntekta frå dette et på kr 3,5 mill. Ut frå dette er det positivt avvik på lønspostane. Sosiale utgifter har eit positivt avvik, som kjem frå premieavvik på pensjonsordninga i kommunen.

tj.produksjon" på kr 1,6 mill, der kr 1,2 mill kjem frå utgifter til elektrisk straum. Posten overføringar har eit positivt avvik på ca kr 1,0 mill. Dette kjem av at løyvd tilskot ikkje er refundert.

Finansinntektene har eit avvik på kr 2,3 mill. Noko av grunnen til avviket er ekstra høg rente i deler av året, der renta var oppe i 8 %.

Elles er det eit negativt avvik på posten "Kjøp av varer og tjenester som inngår i

5.1.7 Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar

Langsiktig gjeld og pensjonsforpliktingar frå 2004 til 2008: (Tal i tusen kroner)

	2004	2005	2006	2007	2008
Total langsiktig gjeld	113 018	252 408	258 520	289 603	310 375
Av dette er pensjonsforpliktingar	0	137 141	147 575	161 324	187 026
Langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingar	113 018	115 267	110 945	128 279	123 348

Oppstillingane nedafor viser utvikling i eigenkapital og lånegjeld. Tabellane viser korleis kommunen sin eigedom er finansiert med gjeld og eigenkapital (fond). Andelen

eigenkapital av totalkapital har ein svak nedgang frå 2004. Lånegjelda er redusert i 2008.

Utvikling i eigenkapital og lånegjeld: (Tal i tusen kroner)

	2004	2005	2006	2007	2008
Eigenkapital	166 433	180 220	186 315	198 802	204 945
Totalkapital	336 139	457 291	474 572	514 773	542 298
Langsiktig gjeld	113 018	252 408	258 520	289 603	310 375
Eigenkapitalprosent	49,5%	39,4%	39,3%	38,6%	37,8%

Udisponert på forskjellige fond: (Tal i tusen kroner)

	2004	2005	2006	2007	2008
Bundne driftsfond	17 103	16 331	13 121	15 232	16 487
Bundne investeringsfond	1 740	1 825	3 135	4 384	3 114
Disposisjonsfond	4 197	5 281	6 059	12 949	13 666
Ubundne investeringsfond	6 898	8 651	8 371	9 153	5 111
Rekneskapsmessig mindreforbruk	1 876	2 747	8 712	7 897	5 200

5.2 Balansert målstyring

Kommunen nyttar balansert målstyring som eitt av sine styringsinstrument. På ein del område som det er resultatstyring på, vert det nytta spørjeundersøkingar. Vektinga av resultatata vert vurdert på ein skala frå 1 til 6, der 1 er det dårlegaste resultatet og 6 er det

beste resultatet. På nokre område går skalaen frå 1 til 4, med 4 som beste resultat.

I 2008 deltok leiargruppa i eit styringsnettverk i regi av KS og Fylkesmannen i Oppland. I denne prosessen har vi endra målekarta, og dei nye målekarta vil bli tekne i bruk frå 2009.

5.3 Det totale målekartet for Lom kommune

Målekartet viser områda kor det er utabeidd konkrete mål for kommunen. Desse områda er brukarar, økonomi og medarbeidarar. Måla står i høgre kolonne, medan resultat er kolonna ved sida av til venstre.

Målekarta vart innførte i 2006, og det er fleire område kor vi enno ikkje har utført målingar.

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Målemetode	Resultat 2006	Resultat 2007	Resultat-mål 2008	Resultat 2008
Brukarar	Brukar-tilfredsheit	Kor tilfredse er brukarane	BU	4,5	4,4	4,3	4,2
	Medverknad	Tilfreds med medverknad	BU	4,3	3,7	3,9	3,8
	Avklaring av forventningar	Andel tenester med oppdatert tenestebeskriving	Opptelling	93%	67 %	90 %	-
		Andel tenester med oppdatert serviceerklæring	Opptelling	93%	0 %	70 %	-
		Oppleving av kvalitet på informasjon	BU				
Økonomi	Økonomi-styring av drift	Avvik budsjett, brutto driftsutgifter	Økonomisystem	0%	3,8%	0,0 %	2,0%
		Brutto driftsresultat	Økonomisystem	-0,7%	2,0%	-4,0 %	-4,4 %
		Netto driftsresultat	Økonomisystem	7,6%	7,7%	0,8 %	3,1 %
	Finansiell styring	Eigekapitalprosent	Økonomisystem	39,3%	38,6%	38,0 %	37,8 %
		Gjeldsgrad (Gjeld/Eigekap)	Økonomisystem	1,4	1,5	1,6	1,7
		Langsiktig gjeld pr innbyggjar	Økonomisystem	28 327	31 718	86 000 *)	30 775
	Likviditets-styring	Kredittid fordringar	Økonomisystem	40 dagar	38 dagar	40 dagar	32 dagar
		Likviditetsgrad 1	Økonomisystem	2,8	3,7	1,8	3,4
Arbeidskapital		Økonomisystem	35,8%	45,7%	53,0 %	40,0%	
Medarbeidarar	Arbeidsgjevar-rolle	Oppleving av leiarskap til næraste leiar	MU	4,5	4,3	4,5	4,5
		Oppleving av leiarskap til overordna leiding	MU	4,1	3,9	4,1	4,1
		Andel gjennomførte medarbeidar-samtalar	Opptelling	100%	100 %	100 %	
	Rekruttering	Omdøme	MU	4,5	4,4	4,7	4,6
		Attraktiv (Andel kvalifiserte søkjarar til ledige stillingar)	Opptelling	83%	90 %	89 %	
	Arbeidsmiljø	Medarbeidar-tilfredsheit	MU	4,8	4,3	4,7	4,7
		Sjukefråvær korttid	Statistikk	2,8%	2,7%	3,2 %	2,3%
Sjukefråvær langtid		Statistikk	2,6%	4,5%	2,8 %	4,2%	
Samhandling - politikk og administrasjon	Løysings-orienterte, inkuderande og offensive	Klare ansvarslinjer	Spørje kommunestyre-representane og leirgruppa			82 %	-
		Iverksetting av vedtak	Spørje kommunestyre-representane og leirgruppa			71 %	-
Læring og fornyng	Kultur for læring og fornyng	Oppleving av læring, utvikling og fornyng	MU			4,3	4,1
	Leiar som tilretteleggjar for utvikling	Oppleving av leiar som pådrivar for læring, utvikling og fornyng	MU				

*) Merk!

Utrekningsgrunnlaget for langsiktig gjeld pr innbyggjar er endra, difor kan ein ikkje samanlikna med resultatmål 2007.

6 Oversikt frå tenesteområda

6.1 Oversikt frå Støttefunksjonen

6.1.1 Hovudoppgåver

Støttefunksjonen skal yte service overfor dei andre tenesteområda i kommunen, slik at dei skal få teke seg av sine primære oppgåver, samtidig som Støttefunksjonen har oppgåver retta mot innbyggjarane i Lom kommune. Støttefunksjonen har ansvaret for desse oppgåvene:

- Personalavdeling
- Økonomiavdeling
- IT/IKT
- Servicetorg
- Informasjon
- Skatteoppkrevjing
- Arbeidsgjevarkontrollen (Samarbeidsorgan for Nord-Gudbrandsdalen som utfører bokattersyn av lønningssområde på arbeidsplassar i regionen)
- Studiesenter



Egil Haug er tenesteleiar i Støttefunksjonen

6.1.2 Tenesteleiars kommentarar til utviklingstrekk

- Krav til både eksternt- og intern informasjon er stort. Nye heimesideplattformer gjev det mogleg å gje betre informasjon både internt og eksternt.
- Arbeidsmengda er stor. Det kjem stadig nye og vidareutvikla system som kan automatisere rutinar.
- Krav frå brukarane til kvalitativt gode tenester, set krav til god styring av økonomi og kvalitet.
- Stor og variert saksmengde set krav til fleksibel organisasjon og kompetanse.
- Forventningar i organisasjonen om at Støttefunksjonen skal ta ytterlegare arbeidsoppgåver frå andre tenesteområde.
- Det er eit ”press” om utviding av det enkelte tenesteområde sine rammer. Dette set krav til ytterlegare styrking av styringa i kommunen. For å møte dette må det til ei systematisk analyse av økonomi, kvalitets- og medarbeidarindikatorar.
- Større arbeidsmengde på færre tilsette, set press på trivselsfaktoren

6.1.3 Utfordringar framover

- Ta i bruk, og få gevinst av nye styrings-system.
- Utvikle Støttefunksjonen vidare til å bli ein enda betre servicefunksjon for andre tenesteområde.
- Alle tilsette på Servicetorget er nå samlokalisert. Det blir viktig med ein god serviceorientert funksjon som samhandlar godt med andre tenesteområde.
- Fortsetja arbeide med å frigjera tid for den enkelte i Støttefunksjonen.
- Slutføre opplæring av reservefunksjonen på løn.
- Synleggjera verdien av Støttefunksjonen sine arbeidsoppgåver.
- Etablere dialog og samarbeid med andre kommunar.
- Fortsetja arbeidet med å overføre oppgåver frå Støttefunksjonen til Vaktentralen i Lom kommune.
- Innføring av elektroniske reiserekningar.
- Arbeide med effektivisering av lønsarbeidet ved å sjå på kva som er mogleg ved bruk av tidregistreringssystem
- Det er avvik på sakshandsamingstid etter krav i rutinehandbok, slik statistikken viser.
- Noko av grunnen til avviket som kjem fram i statistikken, er rutiner med avslutting av saker. Sakene kan vera utførte til rett tid, men ikkje avslutta korrekt i datasystemet. Det er og reelle avvik på området. Det vert viktig å få strukturerde rutiner, slik at statistikken kjem fram korrekt. Mest viktig vert det å finne tiltak for å redusere dei reelle avvika.

6.1.4 Rekneskapsversikt

Støttefunksjonen (tal i tusen kroner)	Rekneskap		Budsjett	Avvik
	2007	2008	2008	
Lønsutgifter	7 235	7 135	8 952	-1 817
Kjøp av varer og tenester	1 032	788	1 687	-899
Kjøp av tenester frå andre	4 287	2 716	2 440	275
Overføringar	2 306	2 049	1 397	652
Finansutgifter/Transaksjonar	40 224	35 950	27 399	8 550
Salsinntekter	-17 851	-13 240	-12 890	-350
Refusjonar	-3 765	-4 727	-8 456	3 729
Overføringar	-90 206	-92 942	-92 807	-134
Finansinntektar/Transaksjonar	-27 203	-30 458	-28 102	-2 356
Totalt	-83 942	-92 729	-100 380	7 651

6.1.5 Kommenterar til avvik

Fleire vesentlege postar som er felles for heile kommune sorterer under Støttefunksjonen sitt budsjett. Dette er bl.a. finanspostar og overføringar frå staten som bae er store budsjettpostar.

Lønsavvik kjem i det vesentlige frå avvik på kostnader til pensjonsforsikring.

Posten "finansutgifter/transaksjonar" omfattar transaksjonen "Ikkje disponert netto driftsresultat" på kr 5,2 mill og overføringar av momskompensasjon frå investeringar på kr 1,0 mill. Elles er det avsetjingar på kr 2,2 mill. Posten "Refusjonar" har eit avvik på

kr 3,7 mill. Dette kjem av budsjettert momskompensasjon kr 4,5 mill, som må sjåast mot andre postar i rekneskapen.

Det er elles diverse positive avvik, på bl.a. rentekompensasjon frå Husbanken på kr 0,6 mill, og diverse postar som gjev både negativt og positivt utslag.

Posten "Finansinntekter/transaksjonar" kjem i det vesentlige av høgare rente enn lagt inn i budsjettet. Vi hadde siste del av året ei renteinntekt på 8 % av ca kr 70 mill innestående på konto.

6.1.6 Nøkkeltal for området

	2004	2005	2006	2007	2008
Tenesteleiar - årsverk			1	1	1
<u>Økonomiavdelinga:</u>					
Talet på årsverk	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Talet på bilag	7 759	8 134	11 405	11 433	11 513
<u>Sevictorget:</u>					
Talet på årsverk			4,2	3,2	3,2
Talet på journalpostar			4 896	5 100	5 050
Søknader om etableringstilskot			23	18	10
Søknader om skjenkeløyve			9	17	35
Talet på formannskapsmøte			22	20	21
Talet på kommunestyremøte			10	9	10
Talet på budsjettutvalsmøte			8	8	7
Talet på andre utvalsmøte			0	0	15
<u>Personal:</u>					
Talet på årsverk			1	1	1
Talet på saker i adm.utvalet			2	9	6
Talet på saker i tilsettingsutvalet			53	60	46
Talet på faste tilsettingar			25	26	27
Talet på avslutta arbeidsforhold			18	16	13
<u>Arbeidsgjevarkontrollen:</u>					
Talet på årsverk	3	3	3	3	3
<u>Informasjon:</u>					
Talet på årsverk			1	1	1
Elektroniske skjema på heimesida	0	0	0	3	22
Vitjingar på heimesida, pr. veke	2.577	7.051	12.758	17.170	16.253
Total score frå Norge.no, prosent	57	52	69	52	53
Talet på utgaver av Lomsnytt	2	2	2	3	4

6.1.7 Målekart og resultatindikatorar

Fokus-område	Kritisk suksessfaktor	Indikator	Målemetode	Resultat 2006	Resultat 2007	Resultat-mål 2008	Resultat 2008
Brukarar	Brukar-tilfredsheit	Kor tilfredse er brukarane	BU	4,5	4,8	4,8	4,6
	Avklaring av forventningar	Andel tenester med oppdatert tenestebeskriving	Opptelling	100%	100%	100 %	100%
		Andel tenester med oppdatert serviceerklæring	Opptelling	-	-	100 %	-
